



Radøy Idrettslag
c/o Olav Steinar Namtvedt Slettevegen 815
5939 SLETTA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7968 - 22/84725

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
07.11.2022

Innvilga konsesjon for overtaking av eigedom - gbnr 498/41, 498/42, 498/43, 498/79, 498/80, 498/81 og 498/82 Mellingen

Administrativt vedtak: Saknr: 1256/22

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i konsesjonslova §§ 1 og 2, konsesjon til Radøy idrettslag for overtaking av GBNR 498/41,42,43,79,80,81 og 82 i Alver. Den avtala kjøpesummen er på kr. 0.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga under.

Vedtaket vert sendt over til avdeling for kart og oppmåling for føring i matrikkelen. Søkjar vil få melding når dette er gjort og skøyte kan sendast til tinglysing

Saka gjeld

Radøy idrettslag v/ Olav Steinar Namtvedt søker konsesjon for overtaking av 7 små teigar gbnr 498/41,42,43,79,80,81 og 82 i Alver. Den avtala kjøpesummen er kr. 0. Det er fleire eigarar i dag. Det samla arealet for alle er på 3,42 daa. Formålet er idrettsanlegg-fotballbane

Søkjar skriv:

Radøy idrettslag eig gnr. 498, bnr. 21, 22, 23, 34, 35, 36 og 72, som alle er deler av idrettsanlegget(fotballbana) på Sletta.

Omsøkte parsellar er deler av bana som er frådelt sine respektive eigedommar ved skylddelingsforretningar eller ved målebrev for mange år sidan, men det er ikkje skrivne skøyte. Dette vil idrettslaget no ordna og søker om konsesjon for overdraging av desse parsellane

Fotballbana vart anlagt i 1954 og seinare utvida i 1965 og 2000.

Fylgjande står i matrikkelen:

Gnr. 498, bnr. 41:	Anna Mellingen - død -	Areal:	150,0 m2
"	42: Kjell Mellingen - " -	"	70,0 "
"	43: Martha Mellingen- " -	"	20,0 "
"	79: Kjell Mellingen - " -	"	384,3 "
"	80: Claus Pletten	"	812,2 "
"	81: Rune Mellingen - " -	"	1063,4 "
"	82: Olav Mellingen	"	920,6 "
Totalt areal:			3420,5 m2

Søkjar oppgjev at bruken av arealet skal vera fotballbane som før. Fotballbana er bygd og tatt i bruk for lenge sidan, og areala er godkjent frådelt. Konsesjon er naudsynt for å få tinglyst heimel til dei areala som høyrer til bana.



Figur 1 Kartutsnitt - som viser at areala ligg på fotballbana og flyfoto av same stad

Dei omsøkte areala er i gardskart registrert som anna markslag.

VURDERING:

Det er konsesjonspliktig fordi areala ligg i LNF-område og er ubebygd. Dei fell difor ikkje inn under nokre av unntaka for konsesjonsfrie overdragingar.

Konsesjonslova har til føremål å regulere og kontrollere omsetjinga av fast eigedom for å oppnå eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og slike eigar- og brukstilhøve som er mest gagnlege for samfunnet, m.a. for å tilgodesjå framtidige generasjonar sitt behov, landbruksnæringa, trongen for utbyggingsgrunn, omsynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftinteresser og omsynet til busettinga, jf § 1.

Når ein skal vurdere om konsesjonssøklar skal få konsesjon, må ein gjere ei interesseavveging på grunnlag av lova sitt føremål slik det kjem til uttrykk i § 1.

Søklar skriv at bruken av arealet skal vera som før, fotballbane. Det er positivt at ein får rydda opp i uavklarte eigedomsforhold og at Radøy idrettslag, som har bygd og driv bana kan verta tinglyste eigarar. Kommunedirektøren kan ikkje sjå at overdraginga er i strid med føremålsparagrafen til konsesjonslova, og vil gje konsesjon som omsøkt.

Regelverk

- Konsesjonslova
- Rundskriv M 1-2021 Konsesjons, priskontroll og buplikt frå landbruks- og matdepartementet

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/7968.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Siril Sylta
Tenesteleiar

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Radøy Idrettslag

c/o Olav Steinar
Namtvedt Slettevegen
815

5939 SLETTA